

NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Høyringsuttale til evaluering av lov om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova)

Vi viser til høyringsbrev, vedlagt høyringsnotat, av 23.06.20, dykkar ref. 20/5187-1.

Høyringa har samanheng med regjeringa sitt lovarbeid for å gje forenklingar for næringa, Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) og andre offentlege instansar som forhold seg til dette regelverket. I høyringsnotatet ber departementet om innspel til fleire av høyringsforslaga.

Her er administrativ uttale, sett særleg frå fylkeskommunen som høyringsinstans ved søknader om driftskonsesjon etter minerallova. Vi har følgjande innspel til høyringsforslaget om å innføre rekkefølgekrav ved slike søknader, jf. punkt 7.3 i høyringsnotatet.

Rekkefølgekrav ved søknader om driftskonsesjon

Det bør først gjevast driftskonsesjon når forhold til anna regelverk er avklart. For det vert lite føreseieleg for alle partar å gje driftskonsesjon dersom drift likevel ikkje kan starte, eller vert innskrenka av anna regelverk. Det bør kanskje vurderast ei eiga forskrift om samordning og tidsfristar, jamfør t.d. «Forskrift om samordning og tidsfrister i behandlingen av akvakultursøknader».

Ved søknad om driftskonsesjon, der det alt ligg føre ein reguleringsplan eller anna planavklaring, kan det tenkjast å oppstå ulike syn på om søknaden om driftskonsesjon er i samsvar med planavklaringa. Ut frå prinsippet om at planavklaring skal skje etter reglane i plan- og bygningslova, bør det vere planmyndet (kommunen) som i tilfelle avgjer om søknaden om driftskonsesjon er i samsvar med reguleringsplanen. Det kan t.d. tenkjast at ein tiltakshavar har fått godkjent ein reguleringsplan, men at seinare søknad om driftskonsesjon i området er langt meir omfattande, eller har anna formål enn det som er avklart i reguleringsplanen. Eit døme er ein søknad om driftskonsesjon i Eidfjord kommune, som vart sendt på høyring i 2019, sjå DMF sak 19/00449. Der meinte både Fylkesmannen, kommunen og fylkeskommunen at søknaden om driftskonsesjon ikkje var i samsvar med reguleringsplanen.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandlarar:

Torbjørn Hasund, seksjon Plan, klima og folkehelse, avd. Strategisk utvikling og digitalisering

Jomar Ragnhildstveit, seksjon Naturressursar, landbruk og reiseliv